

Arbeidsmarkedet nå – april 2011

”Arbeidsmarkedet nå” er eit månedleg notat frå seksjon for Utredning i Arbeids- og velferdsdirektoratet. Notatet er skive av Jorunn Furuberg Jorunn.Furuberg@nav.no 29. april 2011.


Auka etterspørsel etter arbeidskraft

Ved utgangen av april er det registrert 72 000 heilt arbeidslause hos NAV. Dette svarer til 2,8 prosent av arbeidsstyrken, og er ein nedgang på 6 300 personar, eller 8 prosent, samanlikna med april i fjor.

Sesongjusterte tal for heilt arbeidslause viser ein auke på 400 personar den siste månaden, medan summen av heilt arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar har minka med 1 200 i løpet av april. Auken i talet på heilt arbeidslause skuldast difor i første rekkje ein nedgang i talet på ordinære tiltaksdeltakarar. På grunn av påska er dei sesongjusterte tala noko meir uvisse en vanleg.¹

Ein auke i talet på ledige stillingar og nedgang i talet på nye arbeidssøkjjarar som melder seg til NAV, viser auka etterspørsel etter arbeidskraft og indikerer at arbeidsløysa vil halda fram med å falla i tida framover.

Figur 1. Utviklinga i talet på registrerte heilt arbeidslause, summen av ordinære tiltaksdeltakarar og heilt arbeidslause og arbeidslause ifølgje AKU. Sesongjusterte tall Januar 2001 – april 2011.



Kjelde: NAV

¹ Sjå omtale i siste avsnitt i notatet.


Færre nye arbeidssøkjjarar

Sidan november i fjor har talet på nye arbeidssøkjjarar² som melder seg til NAV vist ein klar nedgang. Tilstrøyminga av nye arbeidssøkjjarar er no 15 prosent lågare enn i april i fjor. Dette viser at det no er færre som blir arbeidslause.

Fleire ledige stillingar

Tilgangen av nye ledige stillingar har vist ein klart stigande trend sidan oktober i fjor. Samanlikna med same tid i fjor auka talet på nye ledige stillingar med 14 prosent i løpet av april. Det har vore ein auke i talet på nye ledige stillingar innan dei fleste yrkesgrupper, men auken er størst innan bygg og anlegg med 56 prosent og innan industriarbeid med 46 prosent. Dei to yrkesgruppene med nedgang i talet på nye ledige stillingar er butikk- og salsarbeid og jordbruk, skogbruk og fiske med 19 prosent og 12 prosent færre nye ledige stillingar.

Figur 2. Tilgang av arbeidssøkjjarar per yrkedag og tilgang av ledige stillingar per yrkedag.³ Sesongjusterte tal. Trend. Januar 2002 - april 2011.



Kjelde: NAV

Utviklinga i norsk økonomi

I Noreg er det no aukande etterspørsel etter arbeidskraft og nedgang i arbeidsløysa. I 4. kvartal i fjor auka BNP- Fastlands-Noreg med 0,3 prosent i følgje tal frå SSB (Statistisk

² Inkluderer heilt arbeidslause, delvis arbeidslause, ordinære tiltaksdeltakarar og andre arbeidssøkjjarar.

³ Omfattar stillingar utlyst i media, registrert av arbeidsgjevar på nav.no eller meldt til NAV.

Sentralbyrå). Ei viktig årsak til veksten var auka innanlandsk etterspørsel. Denne auken held fram inn i 2011, og tal frå varekonsumindeksen til SSB viser at hushalda sitt varekonsum auka med 1,5 prosent frå januar til februar i år.

Også deler av industrien bidrar til veksten. Frå februar i fjor til februar i år auka samla industriproduksjon med 2,0 prosent, viser tal frå SSB. Det var særleg maskinindustrien, bygging av skip og boreplattformer og data og elektrisk utstyrsindustri som bidrog til veksten, medan næringsmiddelindustrien og papir- og papirvareindustrien hadde ein produksjonsnedgang i perioden. Veksten i industriproduksjonen samla viste ein nedgang frå januar til februar, men innan verkstadindustrien var det ein produksjonsvekst.

Investeringane i industrien minka med 18 prosent i 2010, medan det er venta eit uendra investeringsnivå frå i fjor til i år, i følgje tal frå SSB. Investeringane er venta å auka innan næringsmiddelindustrien og innan bygging av skip og boreplattformer. Oljeinvesteringane, som har stor innverknad på sysselsetjinga i deler av industrien, er venta å auka frå 125,4 milliardar i 2010 til 141,1 milliardar i 2011, i følgje anslag frå 1.kvartal i år.

Tal frå SSB over bygg som er sett i gang, rekna i areal, viser ein auke på 8,8 prosent i perioden januar/februar i år samanlikna med same periode i fjor. Det er særlig innan bustadbygginga at det har vore ein oppgang, medan bygg til andre føremål enn bustad viser ein liten nedgang.

Utviklinga internasjonalt

Innhentinga etter finanskrisa har ført til vekst i verdsøkonomien samla, men i mange land er arbeidsløysa framleis svært høg. Verdsbanken har anslått at total vekst i verda vil bli 4,5 prosent i 2011, mot 5,0 prosent i 2010. Veksten vil bli sterkast i dei framveksande økonomiane, og noko svakare i Europa og USA.

I eurosona var veksten svakare i andre halvår i fjor enn i første halvår. Tal frå Eurostat viser at BNP vaks med 0,3 prosent i eurosona i 4 kvartal. Dette er ein litt lågare vekst enn kvartalet før. Arbeidsløysa i eurosona held seg høg, med 9,9 prosent i februar, marginalt ned frå 10,0 prosent i januar. Industriproduksjonen auka med 0,4 prosent frå januar til februar, og ordretilgangen til industrien vaks med 0,9 prosent i same periode. I land som Hellas, Portugal og Irland er situasjonen prega av høg statsgjeld, kutt i offentlege utgifter og høg arbeidsløysa.

I USA vaks BNP med 3,1 prosent i 4. kvartal 2010 samanlikna med same tid året før. Arbeidsløysa var på 8,8 % i mars, ned frå 8,9 prosent i februar, og sysselsetjinga auka for 6 månad på rad. Bustadmarknaden i USA er framleis prega av låg etterspørsel og gir ingen vekstimpulsar til økonomien. Ordretilgangen til industrien auka med 2,5 prosent frå februar til mars, og tal for forbrukartilliten i april er positive. Samla skulle dette indikere vekst i økonomien i tida framover, men dei siste vekstanslaga frå styresmaktene er justert noko ned samanlikna med signal tidlegare i år.

I Japan har tsunamien og problema ved kjernekraftverka ført til ein nedgang i sentralbanken sine vekstanslag for 2011, men veksten er venta å ta seg opp att frå neste år.


I Kina auka BNP med 9,7 prosent frå 1. kvartal 2010 til 1.kvartal 2011, samstundes som inflasjonen aukar.

Oljeprisen har auka den siste tida, mellom anna som følge av uroa i ein del oljeproduiserande land. Ein vedvarande sterk oljepris vil kunna dempa veksten i internasjonal økonomi og føra til mindre etterspurnad etter tradisjonelle varer og tenester frå Noreg. Samstundes vil ein høg oljepris gi auka insitamant til vekst i oljeinvesteringane i Noreg, noko som vil kunna gi auka etterspurnad etter arbeidskraft til leverandørindustrien.

Størst nedgang i arbeidsløysa innan ingeniør- og ikt-fag og industriarbeid

Arbeidsløysa held fram med å falla sterkast innan dei typisk konjunkturutsatte yrkesgruppene, medan det er ein auke i arbeidsløysa innan yrke som er tilknytt offentleg sektor. Samanlikna med april i fjor går arbeidsløysa mest ned innan ingeniør- og ikt-fag og industriarbeid, begge yrkesgrupper med ein nedgang på 19 prosent. Auken i arbeidsløysa er størst innan helse, pleie og omsorg med 12 prosent samt innan barne- og ungdomsarbeid (11 %) og undervisning (11%).

Figur 3. Prosentvis endring i talet på arbeidslause etter yrkesbakgrunn. April 2010 – april 2011.



Kjelde: NAV

Industriarbeid

Arbeidsløysa går ned innan dei fleste yrkesgrupper innan industriarbeid. Nedgangen er størst blant støyparar, sveisarar og platearbeidarar med 35 prosent færre arbeidslause enn same tid i fjor. Også i yrkesgruppa hjelpearbeid innan industrien (-22 %) og blant automatikarar og

elektriske montører (- 20 %) er det ein monaleg nedgang i arbeidsløysa. Innan næringsmiddelarbeid har arbeidsløysa auka med ein prosent i perioden.

Ingeniør – og ikt-fag

Arbeidsløysa går ned både innan ikt-faga og innan ingeniøryrka. Nedgangen er størst blant sivilingeniørar og sivilarkitektar (-27 %) og i yrkesgruppa andre naturvitskaplege yrke (-25%).

Bygg og anlegg

Innan bygg og anlegg er det i april 14 % færre arbeidslause enn same tid i fjor. Arbeidsløysa går ned innan alle yrkesgrupper, men nedgangen er sterkast blant elektrikarar (-37 %) og blant rørleggjarar (- 20 %).


Helse- pleie og omsorg

Arbeidsløysa aukar i alle yrkesgrupper innan helse, pleie og omsorg, men auken er sterkast blant sosionomar og barnevernspedagogar (17 %) og blant omsorgsarbeidarar og hjelpeleiarar(15 %). Sjølv om arbeidsløysa aukar blant personar med yrkesbakgrunn frå helse, pleie og omsorg, er arbeidsløysa låg i denne yrkesgruppa (1,2 %).

Færre nye arbeidslause

Apriltala viser at det er 12 prosent færre arbeidslause som har vore arbeidssøkjjarar mindre enn 4 veker, når vi samanliknar med tal for april i fjor. Arbeidsløysa minkar blant alle som har vore arbeidssøkjjarar samanhengande i mindre enn 78 veker, medan auken i arbeidsløysa er sterkast for dei som har søkt arbeid i to år eller meir.


Figur 4. Prosentvis endring i talet på registrerte arbeidslause etter arbeidssøkjjarvarigheit. April 2010 – april 2011.



Kjelde: NAV

Blant dei heilt arbeidslause som har vore arbeidssøkjjarar i mindre enn fire veker, er nedgangen størst innan kontorarbeid (-26 %), industriarbeid (-25 %) og innan reiseliv og transport (-25%).

Figur 5. Registrerte arbeidslause med mindre enn 4 vekers varigheit som arbeidssøkjjarar etter yrke. Prosentvis endring april 2010 – april 2011.




Kjelde: NAV

Færre arbeidslause i dei fleste fylka

Arbeidsløysa fell no i alle fylke så nær som Østfold der det har vore ein marginal auke i talet på arbeidslause når vi samanliknar med april i fjor. Arbeidsløysa går mest ned i Nord-Trøndelag (-23 %), Finnmark (-21 %) og i Rogaland (-19%).


Færrest arbeidslause er det i Rogaland (2,1%) og i Sogn og Fjordane(2,2%), medan arbeidsløysa er høgast i Østfold (3,6%) og Oslo (3,5 %).

Figur 6. Prosentvis endring i talet på arbeidslose etter fylke. April 2010 – april 2011.



Kjelde: NAV

Figur 7. Arbeidslose i prosent av arbeidsstyrken etter fylke. April 2011.




Kjelde: NAV

Fleire arbeidslause frå dei baltiske landa

Figur 8 viser talet på arbeidslause etter statsborgarskap for dei landa som er mest aktuelle når det gjeld arbeidsinnvandring. Samanlikna med april i fjor har arbeidsløysa auka mest blant latviarar (53 %) og litauarar (41 %). Blant svenskar og finnlendarar har arbeidsløysa minka med 26 prosent i perioden. Ved utgangen av april er det registrert om lag 5 000 heilt arbeidslause med polsk statsborgarskap, dette er ein prosent fleire enn for eit år sidan.

Figur 8. Registrerte arbeidslause etter statsborgarskap. Talet på personar i april 2011 og prosentvis endring frå april 2010 til april 2011.





Kjelde: NAV

Spesielle tilhøve ved månadsoppdateringa

Påskan fører til at det alltid er knytt ekstra uvisse til dei sesongjusterte tala for mars og april. På grunn av påskan blei apriltala i år oppdatert ei veke tidlegare enn i fjor. Sidan arbeidsløysa sesongmessig minkar utover i april, kan dette ha ført til at vi har fått ein mindre nedgang i dei sesongjusterte arbeidsløysetalane enn dersom tala hadde vore oppdatert på same tid som i fjor.


Figurvedlegg

Figur 9 og 10. Utviklinga i summen av registrerte arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar innanfor yrkesgrupper (yrkesbakgrunn). Januar 2008 –april 2011. Januar 2008 = 100. Sesongkorrigererte tal.



Kjelde: NAV

Figur 11. Utviklinga i summen av registrerte arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar i regionar. Januar 2008 –april 2011. Januar 2008 = 100. Sesongkorrigererte tall.



Kjelde: NAV